

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Camilla Granlien - nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar (ikkje på sak 54, eventuelt), Thor
Hauknes, Hilde Reitan, Olav I. Mjelva, Tove Leinslie

Gro Marie Svidal – 1.vara, (under sakene-53, 54, 58, 59, 60)

Linda Dyrnes, dagleg leiar, Ingrid Stuhaug - tilsettes
representant. Marit Vestrum under sakene 50-52, Liv Ulvik
under sak 53. Tor Stallvik orienterte om arbeidsgruppas arbeid
under sak 56

Tid: Fredag 9.oktober 2015 kl. 10-17

Stad: Schous

Referat

Styresak 2015/48 Innkalling og sakliste

Styresak 2015/49 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Regnskapsrapport per 31.08.15
- b) Driftsrapport per september 2015.
- c) Kort oppsummering av årets Folkelarm (ettersendast etter Folkelarm)
- d) Kort oppsummering av norsk fokus på TFF Rudolstadt
- e) Eventuelt

Styresak 2015/50 Oslo juniorspellmannslag – søknad om medlemskap (ettersendast)

Styresak 2015/51 Elvelangs – søknad om medlemskap (ettersendast)

Styresak 2015/52 Omorganisering av administrasjonen i FolkOrg

Styresak 2015/53 Arbeidet med utøvargruppa – svar til fagutvalet.

Styresak 2015/54 Framtida til Folkelarm

Styresak 2015/55 Evaluering/førebels rapport av Landskappleiken 2015 og Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2015 (ettersendast)

Styresak 2015/56 Revidert dommarskjema i dans, og poengskala på kappleik (ettersendast)

| | |
|------------------|---|
| Styresak 2015/57 | Søknad om kongepokal 2016 |
| Styresak 2015/58 | Tid og stad for den store kurshelga i 2016. |
| Styresak 2015/59 | Årets folkemusikkarrangør (handsama per e-post) |
| Styresak 2015/60 | Eventuelt |

Styresak 2015/48 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2015/49 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Regnskapsrapport per 31.08.15 med merknadar
- b) Driftsrapport per september 2015.
 - a. Rådgeving/opplæring/service – oppsummering
 - i. Seminar til Folkelarm klare og informert om gjennom nettside, nyhendebrev og Facebook-hendingar.
 - ii. Framleis mykje rådgeving til lag og arrangørar.
 - iii. Vi har hatt møte med fleire lag og aktørar for å halde oss oppdatert på situasjonen deira og spanande prosjekt som er i gong. Til dømes rekrutteringsprosjektet i Nord-Gudbrandsdalen.
 - iv. Fortløpande oppdatering av medlemssystem.
 - v. Oppdatert søknadskalender på folkorg.no
 - vi. Lagt ut liste over aktuelle spelestader i Tyskland på folkorg.no
 - vii. Laga forslag til retningslinjer for yrkesutøvarutvalet etter møte i utvalet.
 - viii. Møte med Birte Selvåg frå Sparebankstiftelsen om landsomfattande rekrutteringsprosjekt.
 - ix. Planlegging av kurs for kulturskolelærarar og musikalske leiarar i lag i samarbeid med Ole Bull Akademiet.
 - x. Momskompensasjonsstand på LK og LF
 - xi. Sendt søknad Momskompensasjon
 - xii. Delt ut Norsk folkemusikkfond
 - xiii. Delt ut FolkOrg si rekrutteringstøtte
 - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Seminarprogram og artistar var klare til Folkelarm.
 - ii. Finalistar er kåra i INTRO-folk på tre festivalar i sommar. Vinnar vart peika ut på Folkelarm. Folkemusikktimen gjorde opptak av finalen, og intervjuar finalistane og sendte juryen si kunngjering av vinnar i NRK-programmet FolkLAB.
 - iii. Søknad er sendt Kulturrådet om turnestøtte til Årets unge folkemusikar 2015. Vi har søkt Gramo om å få Gramo-stipend til vinnarane tilsvarende stipendet til vinnar av Jazzintro.
 - iv. Planlagt FolkOrg sin minglefest under Folkelarm
 - v. Delt ut prisen årets folkemusikkarrangør 2015.
 - c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk nr. 3/2015 er på veg ut til abonnentane, og kjem i sal på Narvesen 24. september.
 - ii. Redaktøren gjennomførte reportasjereise til USA i sommar til spesialnummeret 2015, om norsk folkemusikk og folkedans i Amerika (arbeidstitel «Dei usynlege strengane»). Redaktøren står

- for omlag halvparten av tekstar og bilete til bladet, og dei andre tekstane og bileta til bladet er tinga.
- iii. Spesialnummeret har hatt eige redaksjonsråd, og erfaringane med å arbeide saman med eit slikt råd har vore gode. Redaktøren vonar at det vil komme på plass eit redaksjonsråd for heile 2016-årgangen av bladet og folkemusikk.no innan utgangen av året.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering
- i. Vi har saman med Norsk Jazzforum , Music Norway, MFO og Gramart eit møte med statssekretæren i Utanriksdepartementet. Tema var kuttet i kulturmidlane i Utanriksdepartementet. Vi fekk tydeleg sagt i frå kva vi meiner. Vi har vidare skrevet ein kronikk saman som kom på trykk i Klassekampen og på Ballade. Rikskonsertane har støtta denne i ein kronikk der dei skriv om konsekvensane i kutt for deira prosjekt. Vi har og sendt brev til KUD og familie- og kulturkomiteen om problemstillinga.
 - ii. Har vore til stades på Talent Norge sin presentasjon av fyrste halvår, og dei nye prosjekta dei stør. Det kan vere interesse for å støtte tiltak for folkedansen.
 - iii. Delteke på møte hos Gramo om rollekode C
 - iv. Hatt møte med representant for Spellemansprisen om folkemusikkfeltet sine ynskjer og tankar rundt prisen.
 - v.
- e. **Særskilde satsingar**
- i. Rekruttering innan folkemusikk og folkedans
 1. Vi har byrja arbeidet med å førebu ein søknad med Sparebankstiftinga. Vi har hatt møte med dei og fått gode råd. Vi har hatt dialog med fleire sentrale personar i miljøet for å finne den beste måten å arbeide på. Vi har avtalt møte med Norsk Husflid for å høyre erfaringane deira frå ullprosjektet, som dei fekk tilskot frå Sparebankstiftinga til . Arbeidet held fram etter Folkelarm.
 - ii. Folkedans
 - iii. Formidling og informasjon
 1. Vi var til norsk partner under TFF Rudolstadt. Det var ein stor suksess og dei norske artistane fekk god mottaking. Det var meir enn 30 norske konsertar, førestillingar og kurs. I tillegg var det eit fagleg seminar om norske folkemusikk- og folkedanstradisjonar i regi av Ragnhild Knudsen og Sigbjørn Apeland. Der deltok fleire av dei norske utøvarane og fortalde om sitt instrument og tradisjonar. Det var og ei fotoutstilling : "Architektur und Landschaften in Norwegen"

av fotografen Ken Schluchtmann. For meir informasjon om TFF Rudolstadt, sjå eigen rapport.

2. Vi bidrog med informasjon til det tyske folkemusikkmagasinet Folker si utgåve med norsk fokus.
3. Vi har sendt ut pressemeldingar om vinnar av kvar semifinale i INTRO-folk
4. Styreleiar og dagleg leiar har hatt møte med Riksscenen og Førdefestivalen om Folkelarm, og har intensjonar om å arbeide saman vidare for å finne synergieffektar.
5. Dagleg leiar har hatt møte med Samspill for å drøfte samarbeid om Folkelarm.
6. Sak om framtida til Folkelarm fremmast på dette møtet.
7. Vi har meldt på rådgjevar for utøvarutvikling og dagleg leiar på det internasjonale bransjetreffet Womex i oktober.

c) Kort oppsummering av årets Folkelarm - vart gjort munnleg i møtet.

- a. Camilla Granlien og Sver hadde ei god oppleving av å vere artist på Folkelarm. Vi ventar på attendemeldingar frå artistar.
- b. God stemning
- c. Riksscenen gjorde ein god jobb. Riksscenen er ein god arena.
- d. Gode produsentar
- e. Godt samarbeid med Finland – pilotprosjekt.
- f. Godt samansett program.
- g. Flinke frivillige.
- h. Er det litt for tett program? Kan vi skalere ned?
- i. Auke i tal på delegatar. Tal på publikumarar om lag det same som førre år.
- j. Utfordring med kafédrift.
- k. For seint ute med mellom anna Folkelarmprisen.
- l. Rapport kjem i løpet av november.

d) Oppsummering av norsk fokus på TFF Rudolstadt

e) Eventuelt: Dagleg leiar orienterte om statsbudsjettet.

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering .

Styresak 2015/50

**Oslo juniorspellmannslag – søknad om medlemskap
(ettersendast)**

Vedtak: Oslo juniorspellmannslag og –kvedarar blir tatt opp som medlemslag i FolkOrg. Laget er eit eige lag, men ligg samtidig under Laget for Folkemusikk. Det er ein føresetnad at dei gjer om vedtektenes paragraf 3, slik at alle medlemmer i alle kategoriar i Oslo juniorspellmannslag må vere medlem i FolkOrg.

Styresak 2015/51 Elvelangs – søknad om medlemsskap

Vedtak: Spelemannslaget Elvelangs blir tatt opp som medlemslag i FolkOrg. Administrasjonen vil igjen informere laget om reglementet for medlemsskap, og oppmode laget om å endre vedtektenes sine slik at dei betre beskriv målsettinga, aktiviteten og medlemsmassen i laget. Dei må få informasjon om at dei vert medlem i Buskerud folkemusikklag.

Styresak 2015/52 Omorganisering av administrasjonen i FolkOrg

Vedtak:

- Styret ser at det er trong for ei omorganisering av administrasjonen i FolkOrg
- Dagleg leiar/administrasjon får mandat til å greie ut tiltak for omorganisering. Eit mogleg utfall kan vere at stillingsheimlane vert fordelt på færre personar enn i dag.
- Arbeidet følgjer planen med tidsfristar som skildra i saksframlegget.

Styresak 2015/53 Arbeidet med utøvargruppa – svar til fagutvalet.

Vedtak og merknadar:

1. Formidlinga og synleggjeringa av FolkOrg sitt arbeid for yrkesutøvarane:
 - a. Styret er samd i at vi kan bli flinkare på å synleggjere arbeidet vi gjer. Vi bør ha meir fokus på det ved å sende ut fleire nyhendebrev og med informasjon på Facebook. Mykje relevant informasjon ligg på folkorg.no.
 - b. Utøvarkatalog er på planen for 2016. Vi ser på det arbeidet i samband med omorganisering av administrasjonen. Det er krav om medlemsskap i FolkOrg for å stå i utøvarkatalogen. Thor Hauknes og Olav L. Mjelva melder seg til å bidra i arbeidet.
 - c. Styret meiner ein pris for dans er ein god idé for Folkelarmprisen, men det må gjerast eit arbeid for å finne ut på kva måte det kan gjennomførast, til dømes Årets dansepris.
 - d. Vi kan legge ut dei rettleiande satsane som Musikernes Fellesorganisasjon og Norske Dansekunstnere har på nettsidene sine. Avtalene må likevel gjerast mellom oppdragsgjevar og utøvar. Dei ulike arrangementa har veldig ulik økonomi. Vi må vidare vere obs på at FolkOrg er ein interesseorganisasjon og ikkje ei fagrørsløse.
2. Framlegg til retningsliner for fagutvalet for yrkesutøvarar vart vedteke.

3. Folkelarm held fram i 2016. Når det gjeld honorar, så kan ikkje showcaseartistar forvente seg honorar. Det er å rekne som ei investering i framtidige inntekter. Det er ønskje om å dekke utgifter til reise og opphald, men er avhengig av økonomien. Det same gjeld honorar til kurshaldarar og innleiarar. Det er viktig at artistane som spelar på Folkelarm får same vilkår. Innspela om redusert pris for yrkesutøvarar og eventuelt meir fokus på dei i marknadsføringa vert teke med i det vidare arbeidet med Folkelarm.
4. Dans inkluderast på neste folkCD.no, men med atterhald om stønad til prosjektet.
5. Vi held kontakten med Norsk senter for folkemusikk og folkedans om arbeidet med danseutdanning. Talent Noreg har gitt signal om at dei ønskjer å støtte eit prosjekt med folkedans. Vi tek det med i arbeidet i danseforum. Eit framlegg er å arbeide for tilbod om dans på folkehøgskular.
6. FolkOrg vil tydeleggjere kva skilnaden på folkorg.no og folkemusikk.no er.
7. Vi lagar ein oversikt over folkemusikkfestivalar i Noreg på folkorg.no.

Styresak 2015/54

Framtida til Folkelarm

Vedtak:

1. Folkelarm held fram i 2016. Folkelarm skal ikkje verte større i tal arrangement som inngår i Folkelarm, men skal ha fokus på kvalitet og tilbod som trekker til seg meir publikum og delegatar.
2. Vi fortset arbeidet med Riksscenen og Førdefestivalen for å finne synergieffektar, som kan kome alle til gode og som styrker Folkelarm.
3. Vi etablerer ei ressursgruppe/styringsgruppe for Folkelarm som har ansvaret for utviklinga av arrangementet, og har vide fullmakter innanfor ei gitt ramme (tid, økonomi, formål) sett av styret i FolkOrg. Gruppa gjer føringar om vegval/kunstnarelege val og prioriteringar som prosjektleiar/administrasjon fylgjer opp og set ut i livet. Gruppa bør minimum ha representantar frå Riksscenen, Førdefestivalen og FolkOrg, og ha maksikum 5 medlemmer.
4. Når det gjeld administrering av Folkelarm, er gjennomføringsevne, god kommunikasjon, økonomisk kompetanse, ryddigheit og struktur viktige eigenskaper.

5. Administrasjonen av Folkelarm skal sjåast i samanheng med omorganisering av administrasjonen i FolkOrg .
6. Det vidare arbeidet med eit nordisk samarbeid om Folkelarm/profilering av nordiske folkemusikarar og folkedansarar, skal gjerast av dagleg leiar i samarbeid med styringsgruppa.
7. Styringsgruppa arbeider vidare med å kople ein folkeleg dansefest med Folkelarm i samarbeid med grasrota i organisasjonen, med særleg fokus på Oslo-området.
8. Folkelarm leggst til same helg som Meisterkonserten i Operaen, og gjerne i samarbeid med Oslokappleiken om det lar seg gjennomføre.
9. Arbeidsgruppa sine tilrådingar følgjast opp i det vidare arbeidet, og vi ser for oss ei treårig periode der vi arbeider for å gjere Folkelarm til ei sjølvstendig eining.

Styresak 2015/55

Evaluering/førebels rapport av Landskappleiken 2015 og Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2015

Saken vart utsett til neste møte.

Styresak 2015/56 a og b

Nye dommarskjema i dans, og felles poengskala for dans, spel og vokal på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.

Vedtak:

- a) Styret er positive til det arbeidet som arbeidsgruppa for nytt dommarskjema i dans har gjort. I dei nye skjema/retningslinene må det presiserast at likekjønna dansepar skal ikkje ha trekk fordi dei er likekjønna.
- b) Det er interesse for ein felles poengskala for spel, dans og vokal på Landskappleiken, lokalkappleikar og Landsfestivalen i gammaldansmusikk frå 2016. Dette vert lufta på dommarseminaret 16.-18.oktober. Etter dommarseminaret får arbeidsgruppa for nytt dommarskjema i dans eit nytt mandat. På bakgrunn av attendemeldingar frå dommarseminaret og frå arbeidsgruppa som arbeider med nytt dommarskjema i dans, kjem det ein ny sak i styret i november.

Styresak 2015/57 Søknad om kongepokal 2016 (Hilde Reitan var ikkje til stades under denne saken)

Vedtak:

1. FolkOrg søker om å setje opp kongepokal i tevlingsgreina vokal på Landskappleiken i 2016.
2. FolkOrg søker om å setje opp kongepokal i tevlingsgreina dans hardingfele på Landskappleiken i 2017.

Styresak 2015/58

Tid og stad for den store kurshelga i 2016.

Vedtak:

1. Kurshelga 2016 er sett til 15.-17.april.
2. Dato for kurshelga annonserast på nettsider og i nyhendebrev
3. Vi legg kurset til Lillehammer.
4. Innspel til program gjerast i løpet av oktober
5. Skisse til program leggst fram til styremøte 2015/06

Styresak 2015/59

Årets folkemusikkarrangør (handsama per e-post)

Saksnotat og vedlegg er sendt ut tidlegare og saka vart handsama per e-post.

Vedtak:

Dei nominerte til Årets folkemusikkarrangør 2015 er (i alfabetisk rekkefylgje):

1. Folkemusikkscena i Rauland
2. Folkemusikkscena Røros
3. Naustedalen spel- og dansarlag

Vinnar er Naustedalen spel- og dansarlag

Styresak 2015/60

Eventuelt

- a) Det vart gitt ei attendemelding frå juryen for Folkelarmprisen. Den takast med i det vidare arbeidet med Folkelarm. AU set ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med rutinar for Folkelarmprisen.
- b) Tove Leinslie representerer FolkOrg på Bul Ervingen sitt 10-årsjubileum. Ho held kontakten med Jorun Hagen om rutinar kring dette.